

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato	24.01.2023
Vår referanse	2022/81147-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Andreas Sivertsen Våge
E-post	Andreas.Sivertsen.Vage@vlfk.no
Telefon	45617420

Møtereferat - Leirvågkrysset - Austrheim kommune

Møtereferat – Områdeplan Kaland/Fonnes og Leirvågkrysset – Austrheim

Vestland fylkeskommune viser til dialogmøte datert 09.01.2023 med Austrheim kommune. Til stades på møtet var Per Lerøy og Asbjørn Nagell Toft frå Austrheim kommune, samt Kari Elster Moen, Tor Steinar Høyland, Mats Korneliussen, Silje Svanevik og Andreas Sivertsen Våge frå Vestland fylkeskommune.

Merk: Møtereferat for Leirvågkrysset og områdeplan Kaland/Fonnes blir sendt i to separate brev.

Leirvågkrysset

Austrheim kommune sendte brev datert 23.08.2022 med forslag til prosjektering og finansiering av den regulerte rundkøyringa i Lerivågkrysset der Mongstadvegen på Fv. 57 møter Austrheimvegen på Fv. 565 i Austrheim kommune.

Kommunen ønska då at ei kostnadsfordeling som ser slik ut:

- Austrheim kommune 1/3
- Grunneigar Odd Håkon Haugen 1/3
- Vestland fylkeskommune 1/3

Odd Håkon Haugen er grunneigar i det regulerte næringsområde rett nord for Leirvågkrysset. Dette næringsområdet har rekkjefølgjekrav knytt til bygging av rundkøyringa før det kan byggjast næringsbygg her. Austrheim kommune har rekkjefølgjekrav knytt til denne rundkøyringa som omhandlar bustadområde og skule- og barnehageområdet på Kaland, på vestsida av fylkesveg 57/565. Rundkøyringa med naudsynt infrastruktur som gang- og sykkelveg er eit viktig trafikksikringstiltak.

Vestland fylkeskommune har kostnadsrekna rundkøyringa med naudsynt infrastruktur som høyrer til denne. Kostnaden på rundkøyringa vil ligge i overkant av 20 millionar kroner (sjå bilete 1). Fylkeskommunen har også kostnadsrekna eit alternativ til rundkøyringa, som er ei passeringslomme. Denne vil koste om lag 2,2 millionar kroner (sjå bilete 2).

Dato: 13.12.2022

Byggherreanslag, rundkjøring Leirvågkrysset**Deltakere: Andreas Kolås**

Eks. fra struktur fra anslag

Påslag		Sum	Aktiv
	Medgåtte kostnader	-	Ja
	Sum, Veg i dagen	5 207 046	Ja
	Sum, Konstruksjoner	-	Ja
	Sum Tekniske installasjoner	2 064 524	Ja
	Sum Andre tiltak	-	Ja
	Grunnerverv	-	Ja
20 %	LPS	1 765 537	Ja
20 %	Sum, entreprenørens rigg	1 556 116	Ja
25 %	MVA	2 924 171	Ja
	Sum, Byggherrekostnader, Alt 1	-	Nei
25 %	Sum, Byggherrekostnader, Alt 2	2 648 306	Ja
10 %	Ekstern prosj. alt 1	1 103 461	Ja
	Ekstern prosj. alt 2	-	Nei
20 %	Tillegg og endringer	1 765 537	Ja
20 %	Usikkerhet i detaljnivå	1 068 762	Ja
SUM		20 103 461	

*Mengder er hentet fra måling i kart (flykesatlas).

* Kostnader grunnerverv er ikke med

Bilete 1: Byggherreanslag rundkjøring Leirvågkrysset.

Dato: 13.12.2022

Byggherreanslag, passeringslomme Leirvågkrysset**Deltakere: Andreas Kolås**

Eks. fra struktur fra anslag

Påslag		Sum	Aktiv
	Medgåtte kostnader	-	Ja
	Sum, Veg i dagen	723 450	Ja
	Sum, Konstruksjoner	-	Ja
	Sum Tekniske installasjoner	-	Ja
	Sum Andre tiltak	-	Ja
	Grunnerverv	-	Ja
20 %	LPS	175 654	Ja
20 %	Sum, entreprenørens rigg	154 818	Ja
25 %	MVA	290 926	Ja
	Sum, Byggherrekostnader, Alt 1	-	Nei
25 %	Sum, Byggherrekostnader, Alt 2	263 480	Ja
10 %	Ekstern prosj. alt 1	109 784	Ja
	Ekstern prosj. alt 2	-	Nei
20 %	Tillegg og endringer	175 654	Ja
	Usikkerhet i detaljnivå	306 234	Ja
Veglende:			
SUM		2 200 000	
Meterpris		#DIV/0!	
Byggkost x 2,5		1 808 625	

*Mengder er hentet fra måling i kart (flykesatlas).

* Kostnader grunnerverv er ikke med

Bilete 2: Byggherreanslag passeringslomme Leirvågkrysset.

Samfinansiering

Det er positivt at fleire kan bidra til å finansiere rundkøringa. Men rundkøring ligg ikkje inne i gjeldande handlingsplan for investeringar på fylkesveg i regional transportplan (RTP), og ligg heller ikkje inne i Nordhordlandspakken. Det er derfor i utgangspunktet ikkje sett av midlar til at fylkeskommunen kan bidra no.

Austrheim kommune informerte om fleire ulike prosjekt som anten er igangsett, eller som kan bli igangsett i næraste framtid ved Fensfjorden, på Mongstad og i Gulen kommune som dei meiner understrekar behovet for å bygge rundkøringa. Fordi det vil skape auka trafikk på Fv. 57. Fylkeskommunen vil ta disse opplysningane vidare internt og oppmodar samstundes kommunen om å ta dette opp i det regionale samarbeidet i Nordhordland slik at kommunane samla kan fremje dette behovet for fylkeskommunen i revisjon av handlingsprogrammet for investeringar i RTP. Dette perspektivet går ut over det lokale behovet for rundkøring i krysset. Etter fylkeskommunen si vurdering, så vil ei passeringsslomme vere tilstrekkeleg for dagens trafikk.

Med helsing

Mats Korneliussen

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Andreas Sivertsen Våge

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift